



Delårsrapport for 2. kvartal 2025



Kvartalsrapport for 2. kvartal 2025

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Forretningskapitalen (inkl. portefølje i Eika Boligkreditt) er ved utgangen av 2. kvartal 3.502 mill. kroner. Dette er ein auke på 378 mill. kroner, eller 12,1 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Forvaltningskapitalen er 2.492 mill. kroner som er ein auke på 174 mill. kroner siste 12 månadar.

Utlån

Total utlånsportefølje er ved utgangen av 2. kvartal 2.854 mill. kroner, som er ein auke på 156 mill. kroner eller 5,8 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Sidan nyttår er auken 121,5 mill. kroner eller 4,5 %. Overføringsgraden til EBK utgjør 37 % av samla utlån til personmarknaden.

Brutto utlån i eigen balanse er pr. 30.06.25 på 1.850 mill. kroner, som er ein nedgang på 48,6 mill. kroner siste 12 månadar. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 1.010 mill. kroner, ein auke på 204,4 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein auke på 135,5 mill. kroner..

Innskot

Innskot frå kundar er ved utgangen av 2. kvartal på 1.933 mill. kroner, som er ein auke på 139 mill. kroner, eller 7,7 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 104,5 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 94,5 %. Det har vore ein auke i innskot på 121,6 mill. kroner sidan 31.12.24.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.06.25 er på 29,9 mill. kroner, som er 1,1 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,52 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,51 % på same tidspunkt i fjor. Netto provisjonsinntekter utgjør 6,9 mill. kroner mot 5,8 mill. kroner på same tid i fjor. Aukn skuldast i hovudsak auka provisjonsinntekter på lån i Eika Boligkreditt.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er negativ med 0,53 mill. kroner ved utgangen av første kvartal. Utviklinga skuldast rekneskapsmessig behandling av avkastningseigedelar i fond, der rente-inntekter på 2,5 mill. kroner inntektsførast samtidig som kursane på fonda justerast. Nettoeffekten er dermed positiv.

Driftskostnader utgjør 19,5 mill. kroner, som er ein auke på 1,7 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er

9,6 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 8,7 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 20,4 mill. kroner, mot eit overskot på 19,1 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 16,14 mill. kroner mot 14,77 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei positiv verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 0,82 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 16,96 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 11,72 mill. kroner på same tid i fjor. Det var då ei negativ verdijustering på aksjar på 3,05 mill. kroner.

Kredittap

Det er inntektsført kr 126.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei inntektsføring på kr 167.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 318,4 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal. Dette gjev ei kapitaldekning på 26,87 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 23,58 %.

Utsikter for resten av året

Valle Sparebank opplever høg aktivitet i fyrste halvår, og leverer eit godt kvartalsresultat. Banken har hatt god utlånsvekst og ein framleis sterk rentenetto. Vi går inn i dei neste kvartal med auka bemanning og styrkt kompetanse.

Vår profil med personleg service og rådgjeving blir verdsett hos både eksisterande og nye kundar, særleg i dagens bankmarknad som elles er prega av fusjonar og konsolideringar.

Banken har ei sterk lokal forankring, og vi veks stadig i marknadsområda Kristiansand og Vennesla. Valle Sparebank har nyleg inngått eit samarbeid med Boligmegleren. Samarbeidet har som føremål å bidra til ytterlegare vekst, samstundes som det skal gje våre kundar ei trygg og god reise ved kjøp og sal av bustad.

Det er usikkerheit til den økonomiske veksten framover grunna aukande tollsatsar og rammevilkår for handel mellom land. Auka tollsatsar kan dra i ulike retningar for prisveksten. Høgare tollsatsar kan føre til lågare global vekst og dra prisveksten ned, men samstundes kan ei auke gje høgare pris på råvarer og auke prisveksten.

Bankens kredittportefølje er hovudsakleg retta mot personmarknaden, primært bustadlån med pant i fast eigedom. Bedriftsmarknaden utgjer ein mindre del av den totale porteføljen og Valle Sparebank har i liten grad eksponering mot eksportretta næringar eller internasjonale verdikjeder. Dei fleste kundane har inntekter i norske kroner og er lite påverka av valutabevegelser eller utanrikshandel. Dette reduserer bankens indirekte eksponering mot handelsrelaterte risikoar, som effekten av auka tollsatsar.

Noregs Bank reduserte styringsrenta frå 4,5 prosent til 4,25 prosent på rentemøtet i juni. Noregs Bank signaliserte i tillegg at styringsrenta skal reduserast til i underkant av 4 prosent i løpet av året og vidare ned til 3 prosent mot slutten av 2028.

Banken er solid med dyktige medarbeidarar og ei sterk lokal forankring, og vi meiner å vere godt rusta til å vere ein god bank både for eksisterande og nye kundar.

Styret er nøgd med bankens resultat etter andre kvartal.

Valle, 14. august 2025

I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden
(styreleiar)

Knut Inge Hovet
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Rysstad
(tilsettere representant)

Elisabeth Slettedal
(adm.banksjef)

Resultat og balanseoppstilling

Resultat		2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2025	2024	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Renteinntekter frå egedelar vurdert til amortisert kost		28.816	28.252	57.008	56.160	114.850
Renteinntekter frå øvrige egedelar		2.853	2.623	7.930	6.761	12.211
Rentekostnader og liknande kostnader		17.798	17.137	35.023	34.145	68.591
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		13.871	13.737	29.915	28.776	58.471
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		4.082	3.283	7.842	6.654	13.837
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester		507	483	984	877	1.781
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		3.259	1.824	3.406	1.824	2.160
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrum	6	1.227	824	-525	246	1.047
Andre driftsinntekter		78	45	145	91	193
Netto andre driftsinntekter		8.140	5.493	9.885	7.938	15.455
Løn og andre personalkostnader		4.464	3.994	9.626	8.741	18.717
Andre driftskostnader		5.102	4.329	9.217	8.541	18.630
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egedelar		347	255	691	511	1.054
Sum driftskostnader		9.912	8.579	19.533	17.793	38.401
Resultat før tap		12.099	10.651	20.266	18.921	35.525
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	4	55	227	-126	-167	183
Resultat før skatt		12.044	10.424	20.392	19.088	35.341
Skattekostnad		2.200	2.154	4.250	4.320	8.629
Resultat av ordinær drift etter skatt		9.844	8.270	16.142	14.768	26.712
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	6	615	-2.229	815	-3.047	-2.703
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		615	-2.229	815	-3.047	-2.703
Totalresultat		10.459	6.042	16.958	11.721	24.009

Balanse - Egedelar

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Kontantar og kontantekvivalentar		24.880	24.107	25.401
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		147.560	54.115	93.444
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	3, 4	1.844.617	1.892.900	1.858.594
Renteberande verdipapir	6	268.476	200.668	204.421
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	6	179.653	127.630	142.931
Varige driftsmidlar		20.941	13.080	16.504
Andre egedelar		5.625	5.507	2.155
Sum egedelar		2.491.752	2.318.006	2.343.449

Balanse - Gjeld og eigenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Innlån frå kredittinstitusjonar		105.718	140.820	105.543
Innskot frå kundar		1.933.237	1.794.226	1.811.615
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7	85.279	50.157	85.276
Finansielle derivat		0	0	0
Anna gjeld		19.015	13.934	5.123
Forpliktelser ved skatt		6.183	4.324	8.954
Andre avsetningar		158	90	193
Sum gjeld		2.149.590	2.003.550	2.016.705
Opptent eigenkapital		326.019	299.688	326.745
Periodens resultat etter skatt		16.142	14.768	0
Sum eigenkapital		342.162	314.456	326.745
Sum gjeld og eigenkapital		2.491.752	2.318.006	2.343.449

Eigenkapitaloppstilling

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital			
	Sparebankens fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinstar	Sum egenkapital
Eigenkapital 01.01.2025	292.730	6.299	27.716	326.745
Resultat av ordinær drift etter skatt	16.142			16.142
Verdiendring på finansielle egedelar			815	815
Totalresultat 30.06.2025	16.142	0	815	16.958
Utbetaling av gaver		-1.541		-1.541
Andre egenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 30.06.2025	308.872	4.759	28.531	342.162
Eigenkapital 01.01.2024	267.966	5.875	30.470	304.311
Resultat av ordinær drift etter skatt	14.768			14.768
Verdiendring på finansielle egedelar			-3.047	-3.047
Totalresultat 30.06.2024	14.768	0	-3.047	11.721
Utbetaling av gaver		-1.576		-1.576
Andre egenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 30.06.2024	282.734	4.299	27.423	314.456

Nøkkeltal

	2. kvartal	2. kvartal	Året
Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	2025	2024	2024
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (ekskl. VP)	52,91 %	51,36 %	54,30 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	18,97 %	16,94 %	17,32 %
Innskotsmargin hittil i år	1,39 %	1,59 %	1,62 %
Utlånsmargin hittil i år	1,31 %	1,14 %	1,20 %
Netto rentemargin hittil i år	2,52 %	2,51 %	2,52 %
Eigenkapitalavkastning ¹	10,22 %	7,60 %	7,59 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	6,88 %	7,41 %	6,92 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	36,96 %	31,42 %	33,51 %
Innskotsdekning	104,52 %	94,52 %	97,20 %
Innskotsvekst (12 mnd)	7,75 %	0,79 %	0,79 %
Utlånsvekst (12 mnd)	-2,56 %	4,04 %	0,27 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	5,76 %	3,90 %	3,57 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.391.398	2.296.957	2.310.634
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.355.302	2.968.851	3.128.391
Nedskrivingar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,01 %	-0,02 %	0,01 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,27 %	0,28 %	0,28 %
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	22,70 %	21,52 %	23,34 %
Kjernekapitaldekning	23,07 %	21,89 %	23,71 %
Kapitaldekning	23,58 %	22,47 %	24,21 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,89 %	8,87 %	9,60 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	424	223	223
NSFR	141	141	146

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr. 31.03.2025 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekkede objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadssdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjønn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

Note 2 – Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	2. kvartal 2025	2. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	3.044	5.260	0
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	6	0
Nedskrivningar i steg 3	-136	-378	0
Netto misleghaldne engasjement	2.908	4.888	0

Andre kredittforringa	2. kvartal 2025	2. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	11.016	1.806	5.449
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	2.995	3.138	3.135
Nedskrivningar i steg 3	-2.813	-2.409	-2.818
Netto andre kredittforringa engasjement	11.198	2.535	5.766

Note 3 – Fordeling utlån kunders**Utlån til kunder fordelt på sektor og næring**

	2. kvartal 2025	2. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringer	18.321	14.524	14.709
Industri og bergverk	7.119	8.340	7.772
Kraftforsyning	1.929	2.055	1.994
Bygg og anleggsverksemd	44.317	51.128	46.069
Varehandel	10.203	12.292	11.931
Transport	1	0	1
Overnattings- og serveringsvirksomd	4.216	4.570	4.382
Informasjon og kommunikasjon	0	0	1
Omsetning og drift av fast eigedom	34.666	41.266	36.007
Tenesteytande virksomd	6.542	6.398	6.131
Sum næring	127.314	140.573	128.997
Personkunder	1.722.351	1.757.724	1.734.740
Brutto utlån	1.849.665	1.898.297	1.863.737
Steg 1 nedskrivningar	-860	-878	-803
Steg 2 nedskrivningar	-1.241	-1.748	-1.524
Steg 3 nedskrivningar	-2.947	-2.771	-2.816
Netto utlån til kunder	1.844.616	1.892.900	1.858.594
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	1.009.751	805.391	874.274
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.854.367	2.698.291	2.732.868

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Bankens utlån til kunder, unyttta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordelingen mellom stega gjerast for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferdig av nye utlån, unyttta kredittar og garantiar

- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring visar endring i tap eller engasjement som følgje av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	563	1.116	2.236	3.915
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	93	-93	0	0
Overføringar til steg 2	-30	68	-38	0
Overføringar til steg 3	0	-103	103	0
Netto endring	-209	60	107	-42
Endringar som følge av nye eller auka utlån	78	51	0	129
Utlån som er frårekna i perioden	-44	-111	0	-154
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 30.06.2025	451	988	2.408	3.847

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	1.571.716	157.575	5.449	1.734.740
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	36.297	-36.297	0	0
Overføringar til steg 2	-33.087	34.619	-1.532	0
Overføringar til steg 3	-14	-10.206	10.220	0
Netto endring	-29.566	-698	-99	-30.363
Nye utlån utbetalt	339.203	8.710	0	347.914
Utlån som er frårekna i perioden	-298.798	-31.142	0	-329.940
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.06.2025	1.585.752	122.561	14.038	1.722.351

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	240	408	580	1.228
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	34	-34	0	0
Overføringar til steg 2	-1	1	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	127	-53	-41	33
Endringar som følge av nye eller auka utlån	17	3	0	20
Utlån som er frårekna i perioden	-7	-73	0	-80
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 30.06.2025	409	253	539	1.201

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	101.106	24.798	3.093	128.997
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	6.224	-6.224	0	0
Overføringar til steg 2	-936	936	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-4.931	-695	-80	-5.705
Nye utlån utbetalt	17.619	349	0	17.968
Utlån som er frårekna i perioden	-4.847	-9.099	0	-13.946
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.06.2025	114.236	10.065	3.013	127.314

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2024	32	58	3	93
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	8	-8	0	0
Overføringer til steg 2	-9	9	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-9	-8	13	-4
Endringar som følge av nye eller auka unyttå kredittar og garantiar	2	1	0	3
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-1	0	0	-1
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivningar pr. 30.06.2024	23	52	16	91

30.06.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2024	72.438	5.239	28	77.705
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	4.197	-4.197	0	0
Overføringer til steg 2	-6.480	6.480	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-8.954	-5.764	110	-14.608
Nye/endrede ubenyttede kredittar og garantiar	5.159	2.629	0	7.788
Engasjement som er fråregnet i perioden	-3.329	-1	0	-3.330
Brutto engasjement pr. 30.06.2024	63.031	4.386	138	67.555

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	30.06.2025	30.06.2024
Individuelle nedskrivningar ved begynnelsen av perioden	2.816	3.082
Auka individuelle nedskrivningar i perioden	-52	
Nye individuelle nedskrivningar i perioden	347	229
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar fra tidlegare perioder	-164	-146
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskriva		-395
Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden	2.947	2.770

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Endring i perioden i steg 3 på utlån	219	-231	-272
Endring i perioden i steg 3 på garantiar		-4	88
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	-260	229	70
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er foretatt nedskrivningar i steg 3			661
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivningar i steg 3			
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	-85	-161	-364
Tapskostnader i perioden	-126	-167	183

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

Note 6 - Verdipapir

30.06.2025				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet	-	268.476	-	268.476
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	-	79.033	-	79.033
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-	100.619	100.619
Sum	-	347.509	100.619	448.128

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	95.381	-
Realisert gevinst/tap	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	815	-
Investering	4.423	-
Sal	-	-
Utgåande balanse	100.619	-

Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verddivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og teke omsyn til bankens egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	30.06.2025	Bokført verdi 30.06.2024	31.12.2024	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.192	50.157	50.187	3M NIBOR + 120 bp
NO0013333476	11.09.2024	11.03.2027	35.000	35.087		35.089	3M NIBOR + 66 bp
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				85.279	50.157	85.276	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.06.2025
Obligasjonsgjeld	85.276			2	85.278
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	85.276	0	0	2	85.278
Ansvarlege lån	0				0
Sum ansvarleg lån	0	0	0	0	0

Note 8 – Kapitaldekning

CRR3 vart innført i Noreg frå 1. april. Endringane i regelverket for standardmetoden inneber meir risikosensitive risikovekter enn i CRR2, særleg for lån med pant i eigedom, der belåningsgrad og verdsetjingsprinsipp får større tyding. Dette påverkar utrekna kapitalkrav og kapitaldekning. Følgjande endringar har mest vesentleg effekt på kapitaldekningsutrekninga:

Pant i bustadeigedom: Engasjement med belåningsgrad under 55 % får ei risikovekt på 20 %. Delen av engasjementet over 55 % belåningsgrad får ei risikovekt på 100 %. Dette prinsippet vert kalla «lånesplitt-metoden». Fram til 1. april i år hadde delen av engasjement med pant i bustadeigedom under 80 % belåningsgrad ein risikovekt på 35 %.

Pant i næringseigedom: CRR2 med nasjonale reglar for Noreg gav inga reduksjon i risikovekt for tryggleik i næringseigedom, det vil seie at desse engasjementa hadde ei risikovekt på 100 %. CRR3 innfører redusert risikovekt for tryggleik i næringseigedom etter følgjande reglar (prinsippet kalla «heile lånet-metoden»):

- Belåningsgrad under 60 % gir risikovekt på 70 % for heile lånet.
- Belåningsgrad mellom 60 % og 80 % gir risikovekt på 90 % for heile lånet.
- Belåningsgrad over 80 % gir ein risikovekt på 110 % for heile lånet.

I den nye standardmetoden er det eigne og høgare risikovekter for lån med tryggleik i inntektsgjevande næringseigedom. Desse vektene gjeld i Noreg for alle lån sikra med pant i næringseigedom, uavhengig av om eigdommen faktisk er inntektsgjevande.

Det er òg innført strengare krav til verdsetjing av eigedomar, der gjennomsnittsverdiar over 6–8 år skal nyttast, med visse unntak.

Eigenkapitalposisjonar: Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med føremål om vidare sal, samt investeringar i venturekapitalselskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekt fram mot 31.12.2030. I perioden 30.06–31.12.2025 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar på 100 %.

Subordinert gjeld: Investeringar i subordinert gjeld (ansvarleg lånekapital og anna etterstilt gjeld som TLAC og MREL) får ein risikovekt på 150 % mot 100 % i CRR2.

Kapitaldekning

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Morbank			
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkurs	0	0	0
Sparebankens fond	292.730	267.966	292.730
Gåvefond	4.758	4.298	6.298
Utevningsfond	0	0	0
Annen egenkapital	0	0	0
Fond for urealiserte gevinster	27.716	30.470	27.716
Sum egenkapital	325.204	302.734	326.745
Utbytte	0	0	-850
Frådrag for forsvarlig verdsetting	-448	-328	-347
Frådrag i ren kjernekapital	-6.353	-72.207	-5.068
Rein kjernekapital	318.403	230.199	320.480
Fondsobligasjoner	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	318.403	230.199	320.480
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Netto ansvarleg kapital	318.403	230.199	320.480
	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024

Eksponeringskategori (vekta verdi)

Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	11.512	14.314	11.472
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	28.342	2.605	6.161
Føretak	21.261	11.815	13.228
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	811.401	788.464	763.246
- Herav pantsikkerheit i bustadeigedom (CRR3)	762.687		
- Herav pantsikkerheit i næringsseigedom (CRR3)	48.714		
Forfalte engasjement	15.461	8.211	6.584
Høgrisiko engasjement	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjoner med føretrinnrett	18.803	16.732	17.097
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	26.839	9.748	17.784
Andelar verdipapirfond	15.868	6.598	8.432
Eigenkapitalposisjonar	98.991	30.261	94.514
Øvrige engasjement	42.629	48.460	36.282
Subordinert gjeld	0	0	0
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.091.108	937.208	974.799
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	93.864	102.161	119.739
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	1.184.972	1.039.369	1.094.538
Kapitaldekning i %	26,87 %	22,15 %	29,28 %
Kjernekapitaldekning	26,87 %	22,15 %	29,28 %
Rein kjernekapitaldekning i %	26,87 %	22,15 %	29,28 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	11,76 %	9,76 %	12,90 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper.
Banken har en eierandel på 0,47 % i Eika Gruppen AS og på 0,83 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Rein kjernekapitaldekning i %	318.312	294.513	319.512
Kjernekapital	323.574	299.603	324.602
Ansvarleg kapital	330.661	307.489	331.457
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	1.402.352	1.368.367	1.368.860
Kapitaldekning i %	23,58 %	22,47 %	24,21 %
Kjernekapitaldekning	23,07 %	21,89 %	23,71 %
Rein kjernekapitaldekning i %	22,70 %	21,52 %	23,34 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,89 %	8,87 %	9,60 %